

Årsrapport 2010 – Møre og Romsdal

1. Innledning

Miljøverndepartementet utpekte våren 2009 Møre og Romsdal som pilotfylke for universell utforming saman med Østfold, Aust-Agder, Rogaland, Nord-Trøndelag og Finnmark. I tillegg ble Hedmark og Oppland utpekt som "par-fylke".

I Møre og Romsdal arbeider man ut i frå ein prosjektplan som er gjeldande for heile prosjektperioden, 2009-2012¹. I denne er det fastsett hovudmål og resultatmål som ligger til grunn for arbeidet. Hovudmåla er utarbeidd på grunnlag av regjeringa si handlingsplan. Det er utarbeidd 8 resultatmål, og vi ønskjer med disse å medverke særleg innanfor seks satsingsområder som dekker kompetanseheving, friluftsliv, samferdsel, informasjon, fylkeskommunalt eid og leid bygningsmasse, byrom og kommunesentra. På denne måten dekker man et stort område der universell utforming er sentralt. Årlig lages det handlingsplaner med tiltak som skal være med å oppnå regionale hovud- og resultatmål.

2. Organisering og forankring

Fylkeskommunen og fylkesmannen er begge prosjekteigarar av prosjektet, og utgjer saman med prosjektkoordinator styringsgruppa. Styringsgruppa vert leia av fylkeskommunen og er samansett av Willy Loftheim som er assisterande fylkesrådmann for Møre og Romsdal Fylkeskommune, og Per-Fredrik Brun, som er direktør for miljøvernavdelinga hos fylkesmannen. Prosjektkoordinator, Mari Anne Bjørkmann, fungerer som bindeleddet mellom styringsgruppa og prosjektgruppa. Styringsgruppa er ansvarleg for godkjenning av prosjektplan, rekneskap og årleg rapportering til miljøverndepartementet.

Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå administrasjonen til fylkeskommunen og fylkesmannen, der ulike avdelingar er representert, frå fylkesmannen har vi en frå helse- og sosialavdelinga og en frå Miljøvernavdelinga. Frå fylkeskommunen sit det representantar frå regional- og næringsavdelinga, bygg- og vedlikeholdsseksjonen, plan- og analyseavdelinga, samferdselsavdelinga, kulturavdelinga og innkjøsseksjonen. Prosjektgruppa har kontakt med ulike referansegrupper for eksempel Rådet for likestilling for funksjonshemma, det kommunale råda for funksjonshemma og ulike bruker- og interesseorganisasjonar. Fylkesutvalet er med på å sikre politisk eiarskap, forankring og legitimitet i prosjektet.

3. Metode

Prosjektgruppen har fire møter i året. Prosjektkoordinator har det overordna koordineringsansvaret for prosjektet og leder møtane. Prosjektmedlemmene arbeider etter sektoransvarsprinsippet der kvar og en har ansvar for å rapportere etter sine satsingsområder/tiltak. Dette vil medverke til den forankringa vi ønskjer med omsyn til universell utforming på sikt.

¹ Prosjektplan 2009-2012 og handlingsplan 2011 kan lastast ned på <http://www.mrfylke.no/pilotenuu>.

4. Oppnådde resultat

Handlingsplanen for 2010 er delt inn i seks satsingsområder. Nedanfor følger en beskrivelse av hvilke resultat man har oppnådd innafor de ulike områdene i 2010.

Satsingsområde 1: Kompetanseheving

På dette området er det etablert et e-nettverk i alle kommunar, med hovudansvarlig og vara i de fleste kommunar. Disse er viktige kontaktpersoner for å spre informasjon om blant anna konferansar og kurs ut til ansatte i kommunane.

Det har blitt utarbeidet en powerpoint-presentasjon som omhandlar universell utforming, denne gir en beskrivelse av begrepet og dets betydning, samt begrepet i forhold til gjeldande lovverk. Det er tenkt at denne presentasjonen kan brukast i sin heilhet, eller man kan trekke ut deler som er av interesse i forhold til definerte målgrupper. Prosjektgruppa har tilgang til å bruke powerpointpresentasjonen i sitt eige arbeid. I første omgang vil denne bli nytta til opplæring internt på fylkeshuset, før den etter vert vil bli lagt ut til allmennbruk som et verktøy på prosjektet sin heimeside.

Det er i 2010 heldt ulike innlegg på samlingar og konferansar der man har belyst universell utforming i forhold til blant anna norske standardar, kommuneplanlegging og reguleringsbestemmelser.

Det er vidare gjennomført en kartlegging av gjeldande kommuneplaner i forhold til bestemmelser om universell utforming. Dette arbeidet vil bli følgt opp i 2011 for å sikre at universell utforming blir ivaretatt så tidlig som mulig i planprosessen.

Tysdag 30. november ble det avholdt konferanse på Rica Seilet, tema var universell utforming i sentrum. Vi hadde fire eksterne innleiarar, frå til dømes Grønn_strek i Kristiansand, Statens kartverk, Kolumbus i Stavanger og frå Grimstadhøgda 4H. På konferansen var det cirka 100 frammøtte, frå kommunar i fylket, fylkeskommunen og fylkesmannen i Møre og Romsdal og representantar frå blant anna rådet for likestilling av funksjonshemma, Mental Helse Møre og Romsdal og Blindeforbundet. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå fleire deltakare.

Som et ledd i vårt utretta arbeid i forhold til kompetanseheving har pilotprosjektet gitt 25 000 kroner i tilskot etter søknad frå Volda kommune i forbindelse med et skiltprosjekt på Volda ungdomsskule. Skiltprosjektet er et delprosjekt av et kompetansehevingsprosjekt innanfor områda vedlikehald av kommunale bygg, energi og miljø og universell utforming Volda kommune har gjennomført i 2009 og 2010.

Satsingsområde 2: Friluftsliv

Det er tilsett en prosjektleder for samordning av turmål og turstier, prosessen med å kartlegge eksisterande turar og turmål er i gang. I forbindelse med dette arbeidet ønskjer man å utforme en felles skiltmal for turløyper i fylket. Her er graderingsmalen ferdig utarbeidet, men det gjenstår arbeid i forhold til kartleggingsarbeidet som nemnt ovanfor før man kan begynne oppsetting av disse skiltene. Parallelt med dette arbeidet er det et mål om å etablere helseløyper/grøne løyper med maks fokus på universell utforming. Dette arbeidet er nedfelt i gjeldande fylkesplan. Dette arbeidet vil det arbeidast kontinuerlig for i hele prosjektperioden.

Man har i 2010 gjennomført konkurranse for universelt utformede turmål i fylket. Her fikk man inn sju bidrag, der Iglejtjønnå i Rindal kommune ble valt ut som det best universelt utformede turmålet og fikk utdelt 30 000 kroner. I tillegg ble det gitt 10 000 kroner til Kråkevika friluftsområde ved Flatevågen i Vestnes kommune og Turløypa i Vasse friluft- og idrettspark i Sula kommune.

Satsingsområde 3: Samferdsel

På dette området ble det sommaren 2010 begynt en kartlegging av Timeekspressstraseen mellom Volda og Kristiansund ved hjelp av sommervikarar i Statens vegvesen, en god del av denne traseen står igjen og man har utfordringar med å legge inn innsamlede data i samferdselsavdelinga sitt haldeplassregister.

Satsingsområde 4: Informasjon – internt og eksternt

Det er gitt informasjon til informasjonsavdelinga om universell utforming, særlig ble det lagt vekt på kontrast, skriftstørrelse og presentasjon av innhald i forhold til fylkeskommunen og fylkesmannen sin heimeside. På Møre og Romsdal fylkeskommune sin heimeside har man i dag mulighet til å endre kontrast og skriftstørrelse. På fylkesmannen i Møre og Romsdal sine heimesider har man mulighet til å endre skriftstørrelse og få opplest innhaldet på sidene. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har hatt en kåring av årets offentlige nettsteder. På denne kåringa fikk Møre og Romsdal fylkeskommune tre av seks stjerner, mens fylkesmannen i Møre og Romsdal fikk fem av seks stjerner. Der fylkesmannen fikk 87 % på tilgjengelegheita på nettsidene fikk fylkeskommunen bare 53 %. Dette vil prosjektgruppen følgde opp i 2011.

Pilotfylkeprosjektet har en egen side under plan- og analyseavdelinga på fylkeskommunen sine heimesider. Denne vil vi bruke kontinuerlig til å legge ut nyheiter og formidle relevant og god informasjon. Fagstoff som blir lagt ut vil knytast opp under kommunal planlegging (en egen link på plan- og analyse sine sider), da dette er en side som vi vil være aktive på også etter at pilotfylkeprosjektet er avslutta.

Satsingsområde 5: Fylkeskommunalt eide og leide bygnings og eiendomsmasse

Et av tiltakene i forhold til dette satsningsområdet var i 2010 å avklare ressursbruk av form/verktøy for kartlegging av universell utforming status ved fylkeskommunalt eide og leide bygnings- og eiendomsmasse. Dette er gjennomført. Bruttoarealet på fylkeskommunalt eid og leid bygnings og eiendomsmasse er på ca 230 000 m². "Bygg for alle", frå statsbygg er et allereie etablert kartleggingsverktøy det kunne vært aktuelt å bruke på å kartlegge denne bygnings og eiendomsmassen. Kostnader ved gjennomføring vil avhenge av kven som skal kartlegge, reisekostnader og rapporteringar. Ut i frå fleire forespørsler er de stipulerte kostnadene på kartlegginga 10-15 kr/kvm. Hvordan man skal arbeide vidare med dette, om det skal gjennomførast og i så fall på hvilke måte det skal finansieras, vil jobbast vidare med i 2011.

Satsingsområde 6: Byrom og kommunesentra

Statens kartverk har utarbeidet en tilgjengelighetsportal på internett. Samen med representantar frå kartverket har vi bidratt med personell for å kartlegge tilgjengelegheita i Molde sentrum. Disse er lagt ut. Tilgjengelighetsportalen er fortsatt under utarbeidas og vil ferdigstilles i 2011. Denne tilgjengelighetsportalen vil benyttes framover for å registrere

tilgjengelegheita i offentlige byrom i Møre og Romsdal. En link til denne siden er ut på våre heimesider. Vi vil opp fordre kommunar til å benytt dette hjelpemiddelet ved kartlegging i egne byrom og kommunesentrum.

Etter oppfordring frå Miljøverndepartementet sendte vi inn søknad om å få et ekstraordinært tilskot for å opprette pilotkommunar i fylket. Denne fikk vi innvilget og det er sendt ut invitasjon til Molde, Kristiansund og Ålesund om å delta. Her venter vi på svar. Pilotkommunane vil benyttes som ressurs i forhold til fleire tiltak i handlingsplan 2011. Blant anna i forbindelse med kompetansehevande kurs og ved opparbeidelse av en universelt utforma lekeplass/grønt areal i en pilotkommune.

5. Økonomi

I 2010 har prosjektet blitt finansiert med midlar frå Miljøverndepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune. Samlet har prosjektet hatt 650 000 kroner, pluss kr 25 000 frå Fylkesmannen.

Nedanfor følgjer en oversikt over hvordan disse midlane er brukt. Noen av midlane blir knytets direkte opp mot tiltak og satsingsområder jfr. handlingsplan 2010.

Tiltak	Satsingsområde	Kroner
Fylkeskonferanse, "Universell utforming i sentrum"	Kompetanseheving	65 000
Dagskonferanse Deltasentret	Kompetanseheving	10 000
Tilskot til skiltprosjekt Volda kommune, tildelt 25 000.		20 000
Konkurransen for beste universelt utforma turmål	Friluftsliv	50 000
Samferdsel, kartlegging		100 000
Utgifter til samlingar, reise, lønn* mm		200 000
SUM		445 000

* Ikkje inkludert lønnsmidler til Heidi-Iren Wedlog Olsen, ca kr 100 000. Disse er per i dag belasta plan- og analyseavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune.

Midlane frå Fylkesmannen er ikkje nytta.

I arbeidsgruppa sitt budsjett for 2010 er det satt av midlar til kompetansekurs i plannettverk og blant tilsette hos fylkesmannen og fylkeskommunen, database pilotkommunar, kåring av byrom og til brosjyre om pilotfylkeprosjektet. Totalt kr 215 000. Disse tiltakene er ikkje blitt gjennomført av ulike årsaker, og midlane er derfor ikkje blitt bruk. Det forklarar også avviket mellom tilgjengelige og brukte midlar.

6. Gevinstrealisering

I 2010 ble det arrangert en konferanse på Rica Seilet, denne var med på å gi et påfyll omkring tematikken til administrativt tilsette på politisk nivå. Vi satt universell utforming på dagsorden og det var en arena som skapte møteplasser for flere. Samlinga ble også en viktig arena til å skape nettverk for vårt vidare arbeid. Vi har også deltatt med midlar til eit skiltprosjekt, her sett vi krav om at deira arbeid skal være tilgjengeleg for andre. Og delta i slike prosjekt er viktig for erfaringsutvekslingen og å vise andre gode eksemplar på hvordan universell utforming kan ivaretas. Vi har arrangert en konkurranse om best universelt utforma turmål, dette setter igjen universell utforming på dagsorden. Med det engasjementet vi så hos kommunane er truleg også dette kompetansehevande innanfor sitt område.

7. Endringar og tillegg

For prosjektet sin del skjedde det en del endringar i 2010, det var omorganiseringar ved opphør av enhetsfylket og det ble anset ny prosjektleder i prosjektet. Vi har invitert med tre pilotkommunar inn i prosjektet, disse har ennå ikkje svart endelig på om de ønskjer dette. Prosjektkoordinator har vært i møte og de virker interesserte, men er usikre på sin egen kapasitet til å gjennomføre et slikt prosjekt.

8. Prosjektfaglig evaluering

Prosjektgruppa er ledet av en prosjektkoordinator og jobbar etter sektoransvarsprinsippet. Slik prosjektet er organisert er dette formålstenleg i Møre og Romsdal for å sementere universell utforming i organisasjonen.

Årets gjennomførte tiltak har brakt oss i riktig retning i forhold til de regionale resultatmål vi har satt oss. Vi har fortsatt en vei å gå, da det er gjennomført færre tiltak innan bl.a. kompetanseheving og samferdsel enn det vi har lagt opp til i handlingsplanen. Eg har midlertidig en tiltru til at vi vil realisere de resultatmålene vi har satt oss for prosjektperioden, og dermed gjennom det medverke til å nå de to effektmålene vi har satt for prosjektet.

9. Dokumentasjon

Her ønskjer eg å vise til pilotfylkeprosjektet sin egen heimeside, <http://www.mrfylke.no/pilotenuu>. Denne oppdateras kontinuerlig, og her har vi blant anna lagt ut et skiltprosjekt på Volda ungdomsskule, som prosjektgruppa ga økonomisk tilskot til. Prosjektet er avslutta og det ligger lenker til både bildar og sluttrapport på vår heimeside.